


Tilrettelegging av 15 mål på Børnes

09.10.2010



På Børnes industriområde i Uskedalen har kommunen no planar for tilrettelegging av ca. 15 dekar nytt areal. I dette ligg det at kommunen vurderer å selja eller leiga ut planerte tomтар, ferdige med veg, vatn og kloakk, melder Grenda.

I nær framtid vil kommunen difor lysa ut i lokalpressa industriareal for sal og utleige på Børnes. Utifrå den respons som kjem vil kommunen så ta stilling til den vidare framdrift i tilrettelegginga av arealet.

Eigartilhøvet på Børnes er no avklara i likhet med kva som er skjedd også fleire andre stader i kommunen.

Det gjeld til dømes Bjoaneset med avslutta cruisehamnprosjekt og kolkraftverket som er skuva ut i tid.

Massedeponiet på Årsnes skal vera fjerna innan kommande sommar.

I tillegg er det godkjent reguleringsplan for 200 dekar industriareal innanfor grensene til Sørals. Med desse areala vil rammer og grunnlag for vidareutvikling og nyestablering av næring og industri vera monaleg styrka, held Jarle Fossheim i kommunen fram.